

› Finansinntekter / finansutgifter

Netto finansutgifter i 2020 vart kr 58 369 521. Finansplasseringar etter finansregl. § 8 gav ein gevinst på 3 691 177, denne var i justert budsjett budsjettert med gevinst på 6,9 mill kr. Renteutgifter vart 4,3 mill kr lavere enn budsjettert, dette som følge av endringar i rentenivået. Avdragsutgiftene 7,2 over budsjettet - dette som følge av ny kommunelov og endringar i berekningsgrunnlaget. Samla vart netto finansutgifter ca 7,9 mill. kr lavere enn justert budsjett. Til samanlikning var netto finansutgifter i 2019 på kr 49 363 587.

Renter og avdrag på lån til investeringar	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap
Alle tal i heile 1 000	2020	2019	2018	2017	2016
Renter løpande lån	24 111	28 526	25 498	25 884	28 214
Avdrag løpande lån	39 084	34 322	31 882	31 132	29 720
Sum renter/avdrag	63 195	62 848	57 380	57 016	57 934

Nøkkeltal	2020	2019	2018	2017	2016
Renter og avdragsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter	9,22	9,61	9,15	9,39	9,99
Netto finansutgifter i prosent av brutto driftsinntekter	8,38	7,43	8,82	7,06	8,63

Renter og avdragsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter viser kor stor del av brutto driftsinntekter som er bunde til tilbakebetaling av lån. Netto rente og avdragsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter viser ein nedgang frå 9,99 prosent i 2016 til 9,22 prosent i 2020.

Netto finansutgifter i prosent av brutto driftsinntekter viser kor stor del av brutto driftsinntekter som er bunde til tilbakebetaling av lån, korrigert for finansinntekter. Det har vore ein nedgang frå 8,63 prosent i 2016 til 8,38 prosent i 2020. Oversikta over syner at avkastninga frå forvaltninga har stor påverknad på kor mykje av brutto driftsinntekter som er bunde til å dekkje finansutgifter.

Avkastning på kapital frå langsiktige kapitalplasseringar

Alle tal i heile 1 000

Bank / forvaltar:	Marknadsverdi/saldo pr. 31.12.2020	Renter / avkastning 2020
ODIN	40 031	2 030
Sparebanken Møre bankinnskott, aksjar, obligasjonar, eigenkapitalbevis.	88 254	1 653
Sum:	128 285	3 683

I tidsrommet 2000 – 2020 har Giske kommune hatt ei gjennomsnittleg årleg avkastning på 10 mill. kr pr. år, dvs. 184 mill. kr over 20 år.